



Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/1037 - 17/6836

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
23.05.2017

Byggesak gbnr 45/1, 79 Manger - turløype del 2 - søknad om dispensasjon frå avstand fylkesveg - oversending for uttale

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå avstand fylkesveg for etablering av turløype 12,2 meter frå senterline fylkesveg.

Planstatus

Eigedomen ligg i område som etter reguleringsplan for Manger sentrum har arealføremål Park. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med arealføremål i plan.

Planen viser ikkje byggegrense mot fylkesveg. Søkjer har fremja søknad om dispensasjon frå avstand fylkesveg for kommunen og har vist til tolkingsuttale frå Kommunal- og moderinsjeringsdepartementet av 14.04.16:

Det legges derfor fortsatt til grunn at dersom reguleringsplanen ikke har egne byggegrenser, må veglovens byggegrenser på det tidspunkt planen ble vedtatt anses som inkorporert i planen. Søknad om dispensasjon fra disse byggegrensene må da behandles etter plan- og bygningslovens regler om dispensasjon.

Reguleringsplan for Manger sentrum er vedteke i 2008. Byggegrense mot fylkesveg var i 2008 15 meter frå vegmidte.

Vurdering

Turløypa er eit enkelt tiltak som etter kommunen sin vurdering ikkje kjem i konflikt med drift og vedlikehald av fylkesvegen, eller eventuell framtidig utviding av fylkesvegen. Tiltaket rårer såleis ikkje dei omsyn som byggegrensa skal ivareta.

Etablering av turløypa er eit samfunnsmessig viktig tiltak, mellom anna når det gjeld omsynet til folkehelse, og det er såleis etter kommunen sin vurdering ein klar overvekt av fordelar ved tiltaket.

Kommunen finn difor at vilkåra for å gje dispensasjon frå avstand fylkesveg vil være oppfylt.

Frist

Søknad om dispensasjon frå byggegrense vert sendt Statens vegvesen for uttale. Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3). Kommunen viser til telefonsamtale i dag og vonar at Statens vegvesen kan gje uttale i saka så snart som mogleg.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN

Mottakarar:

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863

Leikanger